


# Ognavassdraget i Rogaland – Samanstilling av kjende verneverdiar



Stavanger, januar 2002

s. 9  
ikke referent  
i elvemusling  
databasen!

**AMBIO** AS  
MILJØRÅDGIVNING

*Ambio Miljørådgivning AS*  
*Godesetdalen 10*  
*4033 STAVANGER*

**Tel.: 51 95 88 00**

**Fax.: 51 95 88 01**

**E-post: [post@ambio.no](mailto:post@ambio.no)**

## **Ognavassdraget i Rogaland – Samanstilling av kjende verneverdiar**

**Kunde:** Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga

**Forfattar:** Knut Robberstad og Harald Lura

**Dato:** Januar 2002

**Prosjekt nr.:** 10008, Verneverdiar Vassdrag 2001

**Rapport nummer:** 10008 - 1

**Antal sider:** 16 + vedlegg

**Distribusjon:** Open

**ISSN-nr.:**

**Prosjektleder:** Harald Lura

**Arbeid utført av:** Knut Robberstad og Harald Lura

**Stikkord:** vassdragsvern, verneverdiar, verneplan, Ogna, Rogaland

### **Samandrag:**

I samband med vidareføring av arbeidet med vassdragsvern i Noreg, er det satt i gang eit arbeid med å vurdere verneverdiar i utvalde vassdrag for eit eventuelt vern i ein Verneplan V.

Føreliggande rapport samanstillar dei kjende verneverdiane i Ognavassdraget, og skildrar også kort tidlegare vassdragsreguleringar i vassdraget.

Verneverdiane i vassdraget vert vurdert til å ha nasjonal interesser på sju av 11 vurderte tema. Ut frå ei totalvurdering, har vassdraget nasjonal verneverdi. Dei øvre delane av nedbørfeltet inneheld verneverdige område med kystlynghei. Midtre og nedre deler av vassdraget har relativt få inngrep knytt til elvestrengen, og desse områda har store opplevingsverdiar. Vassdraget er elles eit av dei få av denne storleiken på Vestlandet som ikkje har offentleg veg oppetter langs elvestrengen.

Vassdraget er tidlegare regulert, men det ligg ikkje føre planar om ytterlegare vasskraftutbyggingar. Det er jordbruksaktivitet i elvenære område langs deler av vassdraget. Konflikttane knytt til eit eventuelt vern er moderate. Ognavassdraget vert kalka, med gode levevilkår for laks som resultat. Elva er også foreslått som nasjonalt laksevassdrag.

*Framsidedfoto: Ognaelva ved Hålekjære, Foto: Harald Lura.*

## INNHALD

<b>1</b>	<b><u>INNLEIING</u></b> .....	<b>4</b>
<b>2</b>	<b><u>METODE</u></b> .....	<b>5</b>
<b>2.1</b>	<b><u>Materiale og metode</u></b> .....	<b>5</b>
<b>2.2</b>	<b><u>Presentasjon</u></b> .....	<b>5</b>
<b>3</b>	<b><u>VASSDRAGSOMTALE</u></b> .....	<b>5</b>
<b>4</b>	<b><u>KJENDE VERNEVERDIAR</u></b> .....	<b>6</b>
<b>4.1</b>	<b><u>Eksisterande naturvernområde</u></b> .....	<b>6</b>
<b>4.2</b>	<b><u>Andre viktige naturområde</u></b> .....	<b>7</b>
<b>4.3</b>	<b><u>Prosessar og former skapt av is og vatn</u></b> .....	<b>7</b>
<b>4.4</b>	<b><u>Biologisk mangfald</u></b> .....	<b>7</b>
<b>4.5</b>	<b><u>Landskapsverdiar / landskapsbilde</u></b> .....	<b>10</b>
<b>4.6</b>	<b><u>Friluftsliv</u></b> .....	<b>10</b>
<b>4.7</b>	<b><u>Kulturminneverdiar</u></b> .....	<b>11</b>
<b>4.8</b>	<b><u>Kulturmiljø / kulturlandskap</u></b> .....	<b>11</b>
<b>5</b>	<b><u>BRUKARINTERESSER OG TRUSLAR MOT VERNEVERDIAR</u></b> .....	<b>12</b>
<b>5.1</b>	<b><u>Vassdragsutbygging</u></b> .....	<b>12</b>
5.1.1	<b><u>Eksisterande vassdragreguleringar</u></b> .....	<b>12</b>
5.1.2	<b><u>Planlagte vassdragsreguleringar</u></b> .....	<b>12</b>
<b>5.2</b>	<b><u>Andre brukarinteresser</u></b> .....	<b>12</b>
<b>6</b>	<b><u>SAMLA VURDERINGAR AV VERNEVERDIAR</u></b> .....	<b>14</b>
<b>7</b>	<b><u>REFERANSAR</u></b> .....	<b>15</b>
<b>8</b>	<b><u>VEDLEGG</u></b> .....	<b>16</b>

# 1 INNLEIING

Stortinget tok i 1960 første gong opp spørsmålet om å utarbeide ein landsplan for vern av vassdrag (Eie et al. 1996). Stortinget har gjennom handsaminga av dei ulike del-planane innanfor Landsplan for vern av vassdrag sikra totalt 341 varig vern mot kraftutbygging. Verneplan I for vassdrag vert vedteken i 1973, medan den til no siste, Verneplan IV vart vedteken i 1993. I Rogaland er 14 vassdrag omfatta av Verneplan I – IV. Dei er vist i tabell 1.1.

**Tabell 1.1.** Vassdrag omfatta av Verneplan I – IV i Rogaland.

Vassdrag	Kommune	Vassdrag	Kommune
Haugevassdraget	Tysvær	Espedalselva	Forsand
Vikedalselva	Vindafjord	Frafjordelva	Gjesdal
Hustveitåna	Sauda/Suldal	Imselva	Sandnes
Hamrabøåna	Suldal	Figgjo	Klepp/Sandnes/Gjesdal
Hålandselva	Erfjord i Suldal	Orrevassdraget	Klepp/Time/Gjesdal
Norddalsåna	Suldal/Hjelmeland	Håvassdraget	Hå/Time/Gjesdal
Vormo	Hjelmeland	Fuglestadåna	Hå

Opphavelig vart vassdraga berre verna mot kraftutbygging, men seinare har Stortinget vedteke at verneverdiane som vart sikra heller ikkje skal øydeleggast av anna aktivitet eller inngrep. Dette er gjort gjennom Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag – RPR (Miljøverndepartementet 1994).

Med bakgrunn i ei endra politisk haldning til vasskraftutbygging, vedtok Stortinget våren 2001 at Verneplan for vassdrag skulle supplerast (Olje- og energidepartementet 2001 og Energi- og miljøkomiteen 2001). Som fylgje av dette, er det starta eit arbeid med å vurdere aktuelle vassdrag for ein framtidig Verneplan V. Dette inneber m.a. at kjende verneverdiar i utvalde vassdrag skal samanstillast og gjerast lettare tilgjengeleg for vurderingar av verdiane. Dette vil også bidra til å synleggjera eventuelle behov for meir utfyllande registrering av verneverdiar.

Stortinget legg også til grunn at opplegget for Samla Plan vert endra, for slik å bidra til ei meir heilskapeleg vassdragsforvaltning i tråd med endringane i nasjonal energi- og miljøvernpolitikk. Målet er at Samla Plan skal verta eit meir føremålsteneleg forvaltningsverktøy tufta på endra energi- og miljøvernpolitiske føresetnadar.

Det pågåande arbeidet med suppleringsplan for vassdrag er eit fagleg samarbeid mellom Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) under Olje- og energidepartementet (OED) og Direktoratet for naturforvaltning (DN) under Miljøverndepartementet (MD), med NVE som prosjektleiar for gjennomføringa. Fylkesmennene i respektive fylke er bedne om å samanfatta eksisterande kunnskap om verneverdiar i dei utvalde vassdraga, som grunnlag for det vidare verneplanarbeidet og prosessen knytt til dette.

Føreliggande rapport er utarbeidd på oppdrag for Fylkesmannen i Rogaland (miljøvernavdelinga), der føremålet er å samanstillast eksisterande kunnskap om verneverdiar i vassdraget, tufta på tilgjengeleg materiale i arkiv og ulike EDB-baserte databasar hos fylkesmannen.

## 2 METODE

### 2.1 Materiale og metode

Rapporten samanstill dei viktigaste verneverdiar i vassdraget som tidlegare er dokumentert. Dette arbeidet bygger i hovudsak på fylgjande hovudtypar av kjelder, som er stilt til rådvelde av fylkesmannen:

- Tidlegare utarbeidde vassdragsrapportar og Samla Plan rapportar
- Fylkesplanar og fylkesdelplanar
- Verneplanar etter naturvernlova
- Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap
- Vakre landskap i Rogaland
- Utskrift frå EDB-databasane Naturbase og Arealis hos fylkesmannen

Ressurspersonar hos fylkesmannen har vore kontakta i særskilde høve. Det har ikkje vore gjennomført feltsynfaring med utfyllande registrering av verneverdiar. Det har heller ikkje vore ressursmessig rom for særskilt kontakt med kulturminnestyresmaktene for innhenting av oppdaterte opplysningar om kulturminner utover det som er inkludert i kjeldene over.

### 2.2 Presentasjon


Innhaldet i rapporten vert presentert gjennom samanfattande tekst og oppsummerande tabellar. Utskrift frå databasen Naturbase i form av faktaark for definerte og avgrensa del-område er å finna i vedlegg. Kartutskrift frå Naturbase med nedbørfelt og ulike tema ligg også ved. Utskrift av Viltobs i Naturbasen og kartfesta Viltobs - observasjonar er å finna i eige vedlegg, unnateke offentleg innsyn.

## 3 VASSDRAGSOMTALE

Ognavassdraget (027.6Z) har ikkje vore vurdert og handsama i samband med Samla Plan. Nedbørfeltet har eit areal på 117 km<sup>2</sup>, og ligg i kommunane Hå og Bjerkreim, og vassdraget har sitt utløp i sjøen ved Ognå i Hå kommune (Figur 3.1). Hovudvassdraget har utspring i heiområda ved Laksesvela-fjellet (536 moh.) og Svartaknuten (498 moh.) vest for Vikeså i Bjerkreim, om lag 23 km frå sjøen. I Ognedal dannar elva tre mindre innsjøar. Årleg nedbørshøgda er om lag 2000 mm og middel-vassføring ved utløpet i sjøen er 6,6 m<sup>3</sup>/s (DN 2000). På grunn av etter måten små innsjøar med liten magasinkapasitet i nedbørfeltet, vil vassføringa i hovudelva i stor grad variere mykje i samband med nedbør.

Heile nedbørfeltet ligg innanfor Egersund-feltets anortositt-bergartar. Lausmassane er i stor grad vaska bort frå dei høgareliggande stroka ned i forseinkingane. Vegetasjonsdekket inneheld stort sett lite kravfulle artar, og vert i høgda dominert av torv- og lyngmark. Lenger nedover i feltet aukar kulturpreget, og på Ognå og frå Hetland til utløpet er dei vassdragsnære områda prega av intensivt drive jordbruksareal. Vasskvaliteten er prega av surt vatn, og frå februar 1991 er vassdraget permanent

kalka gjennom tre kalkdoserarar. Dette sikrar ein vasskvalitet som er tilstrekkeleg for reproduksjon av laks i elva. Nedbørfeltet til Helgåvassdraget (39 km<sup>2</sup>) som ligg i sør-vest, er overført til Hetland kraftstasjon i Ognavassdraget, om lag 3 km oppstrøms utløpet.



Figur 3.1. Nedbørfeltet til Ognavassdraget. Frå DN (2000).

## 4 KJENDE VERNEVERDIAR

### 4.1 Eksisterande naturvernområde

I nedbørfeltet er det område som er verna med heimel i naturvernlova, pr. januar 2002 er det totalt 3 naturvernområde. Desse framgår av tabell 4.1 og kartvedlegg.

Tabell 4.1. Områder verna med heimel i naturvernlova i nedbørfeltet til Ognavassdraget.

Område	Områdenr. Naturbase	Verneform (vernedato)	Føremål	Areal, daa
Rabali	111900700	Naturreservat (21.12.1984)	Edellauvskog	155
Ogna	111919201	Artsfredning, planter (2.9.1977)	Uvanleg rikt planteliv	16.100
Jærstrendene	111919200	Landskapsvernområde (2.9.1977)	Særmerkt landskap	

Rabali naturreservat er vassdragsnært, og ligg langs nordvestsida av elvestrengen. Ogna plantelivsfreding inngår som eit del-område av Jærstrendene landskapsvernområde, der også elveosen renn ut i sjøen.

## 4.2 Andre viktige naturområde

### Lakssvelafjellet (Naturbase nr. 111400400)

Stort heiområde med gneisliknande berggrunn. Fuktheiar med grasliknande arter dominerer. Under 400 moh. er pors og klokkesøte vanlege. I aust og nord er blåtopp, dvergbjørk og pors vanlege. Høgare enn 400 moh er bjønnskjegg, finnskjegg, dvergbjørk og rypebær dominerande. Av tørreheitypar dekker berre røsslyng-blokkebærhei større areal. Andre røsslyngheiar er best utvikla i sør, medan tørrgrashei truleg er dominerande nord for desse. Det er mange større myrar, der dei fleste er fattige. I aust og i nord finst skogholt av bjørk og eik. Floraen typisk og fattig. Klokkesøte er vanleg. Området utgjer eit stort heiområde med alle viktige heitypar, fine myrar, få inngrep og masseförekomst av klokkesøte. Området har eit rikt dyreliv og stor interesse for vassdragsvern.

Steinnes (1988) fann at kystlyngheia i området ved Lakssvelafjellet var verneverdig, og at denne burde vernast gjennom ein kombinasjon av landskapsvernområde og naturesservat.

Nedbørfeltet inneheld fleire inngrepsfrie del-område. Det er registrert 5 del-område som ligg 1-3 km frå tekniske inngrep. Jamfør Naturbasekart og faktaark i vedlegg.

## 4.3 Prosessar og former skapt av is og vatn

Det er ikkje registrert spesielt verneverdige geologiske førekomstar eller område i nedbørfeltet til Ognavassdraget.

## 4.4 Biologisk mangfald

### Botanikk

Vegetasjonen i nedbørfeltet er generelt prega av lite næringsrik berggrunn, med karrige og relativt artsfattige plantesamfunn. Øvre deler av nedbørfeltet inneheld ulike utformingar av kystlyngheia, der særleg fuktheiar dominerar. Vassdraget renn i ein sone før utløpet gjennom sanddynesystemet i Jærstrendene landskapsvernområde (Robberstad et.al 1995). Det er etablerte plantefredingsområde på begge sider av elva på deler av denne strekninga. Plantelivet her er særmerkt, ved at det er fleire lite vanlege artar knytt til sand- og sanddyneøkologi. Ein del av raudlisteartane (DN 1999) som er lista opp i tabell 4.2 er registrert utanfor sjølve nedbørfeltet til vassdraget, men er likevel knytt til området. Materialet er imidlertid ikkje nøye gjennomgått med omsyn til dette.

**Tabell 4.2.** Liste over raudlisteartar(DN 1999)som er registrert i nedbørfeltet eller i nærområdet til Ognavassdraget.

Artsgruppe / Art	Status raudliste	Merknad
Karplanter (Johnsen, pers. medd.)		

Artsgruppe / Art	Status raudliste	Merknad
Klokkesøte, <i>Gentiana pneumonanthe</i>	DC - hensynskrevjande	
Solblom, <i>Arnica montana</i>	DC - hensynskrevjande	
Jærtistel, <i>Serratula tinctoria</i>	V – sårbar	
Bustsmyle, <i>Deschampsia setacea</i>	V – sårbar	Ved Lindtjørn
Buntesivaks, <i>Eleocharis multicaulis</i>		Ved Lindtjørn
<b>Mosar</b> (Frisvoll & Blom 1997)		
Bunkersblomstermose, <i>Schistidium singarense</i>	E – Direkte trua	Ognaskogen
Dynevrिमose, <i>Tortella flavovirens</i>	V – sårbar	Ognasanden
<b>Sopp</b> (Norwegian Mycology Database, 2001)		
Sandstanksopp, <i>Phallus hadriani</i>	E – Direkte trua	Ognasanden
Klokkemorkel, <i>Verpa conica</i>	DC – hensynskrevjande	Ognaskogen
<b>Lav</b> (Norwegian Lichen Database, 2001)		
Sandbrunbeger, <i>Cladonia humilis</i>	DM* – Utilstrekkelig kjent, bør overvakast	Ogna
Kalkglye, <i>Collema crispum</i>	DM* - Utilstrekkelig kjent, bør overvakast	Ogna, Laugarvik
Kystrosettlav, <i>Physcia leptalea</i>	R - sjelden	Ogna

## Vilt

I fylgje Naturbase inneheld nedbørfeltet fleire regionalt viktige beiteområde og rasteområde for sangsvaner, m.a Lindtjørnhølen, Gåslandsvatnet og Ognavatnet. Det er også regionalt viktige område for våtmarksartar som bergand, brunnakke, enkeltbekkasin, heilo og fossefall. Av hjorteviltartane er både elg, hjort og rådyr etablert i vassdraget, og det er registert fleire beite- og yngleområde for alle desse artane i nedbørfeltet. Faktaark på områda er å finna i vedlegg, der også viltområda er avmerka på kartutskrift av Naturbase.

I fylgje Viltobs-delen av Naturbase, er det i fleire hekkelokalitetar for særmerkte artar i nedbørfeltet. Dette er oppsummert i tabell 4.3. Nærare informasjon er gitt i vedlegg unnateke offentleg innsyn.

**Tabell 4.3.** Lokalitetar av verdi for sårbart vilt, Viltobs i Naturbasen.

Art	Raudliste-status	Tal lokalitetar	Verdi
Hubro	V - sårbar	7	Nasjonale
Høsehauk	V - sårbar	1	Regional
Storlom	DC - hensynskrevjande	2	Nasjonale
Kattugle		4	Regional
Spurvehauk		1	Regional
Orrfugl		8 (leikplassar)	Regional

I tillegg er det for grevling registrert 7 yngle/hiområde, og eit hiområde for rev. Også ravn hekkar i nedbørområdet.

I tillegg er det område i nedbørfeltets øvre del der det er rapportert om mogeleg overvintring av havørn (DC – hensynskrevjande) (Toralf Tysse, pers. medd.).

**Samla sett har nedbørfeltet ein relativt rik fauna, og må reknast for å vera av nasjonal verdi.**


## Fisk



Det finst laks, aure, røye, trepigga stingsild og ål. Auren forsvann frå dei nordlege delane av feltet alt mellom 1940- og 1960-talet. Etter kalkinga har ein sett ut fisk av lokalt opphav i mange av dei større vatna. Røya finst i nokre få vatn i Ognedal på sørsida av elva, og har truleg gått tilbake på grunn av forsureninga.

Ognaelva har ein lakseførande strekning på om lag 30 km, opp til Laksesvela. Vassdraget har tidlegare vore sterkt prega av surt vatn og dårleg vasskvalitet. Ennå er avrenninga frå den midtre delen av feltet på nordsida av elva blant det suraste ein finn i Rogaland. Laksen var påverka av forsureninga og vart rekna som sårbar. Det vart observert fiskedød av vaksen laks nedstrøms Hetland Kraftstasjon om sommaren når vassføringa i elva var liten og kraftstasjonen vart kjørt. Etter februar 1991 er vassdraget permanent kalka for å oppretthalda ein vasskvalitet som sikrar naturleg reproduksjon av laks. Det er installert 3 stk kalkdoserarar, jamfør figur 3.1. Den nedste står ved Hetland kraftstasjon, og kalkar alt vatnet som går gjennom stasjonen (også surare vatn frå Helgåvassdraget).

Etter kalkinga har ungfiskbestanden av laks auka i store delar av elva og spesielt i Ognedal er det no høg tettleik av laks. Fangseten av laks har variert ein del både før og etter kalkinga starta (Figur 4.1). Elva er vanlegvis den 4. beste lakseelva i Rogaland. Laksebestanden har nasjonal verdi. Ognaelva er foreslått som Nasjonalt Laksevassdrag i MD sitt høyringsforslag om oppfølging av Villaksutvalget sitt framlegg om tiltak for å sikre laksen.



Figur 4.1. Fangst av laks og sjøaure i Ognaelva i perioden 1967-2001.

### Ferskvassfauna

Mangfaldet av botndyr i ferskvatn er undersøkt i vassdraget sidan 1983, dvs. både før og etter kalkinga strata. Det er ikkje rapportert om sjeldsynte artar, utanom elvemusling som er rekna som sårbar(V) på den nasjonale raudlista (DN 1999). Artsmangfaldet har auka etter kalkinga og Ognaelva er det vassdraget med høgast mangfald mellom dei som vert overvaka i kalkingssamanheng. Då undersøkingane kring elvemuslingen starta var ein redd for at bestanden var dauda ut eller var i ferd med å forsvinne, sidan bestanden hadde vore i tilbakegang sidan 1950-talet. Undersøkingane har vist at det fins elvemusling i dei midtre delane frå Øvrabø og nedover til Hetland kraftstasjon. I dei seinare åra har det også vist seg at elvemuslingen reproducerer slik at bestanden truleg er i framgang (DN 2001).

### Referanseverdi

Laksebestanden i vassdraget har vore overvaka og undersøkt i ei årrekkje, både før og etter kalkinga starta. Det fins derfor tidsseriar over utviklinga under forsursingsfasen og etter tiltaka var sett i gang, som har nasjonal verdi. Sidan 1994 har det vore drive overvaking av elvemuslingbestanden som har nasjonal verdi.

## 4.5 Landskapsverdiar / landskapsbilde

Nedre deler av vassdraget renn gjennom eit kystlandskapsområde som er identifisert og klassifisert som "vakre landskap" med store landskapskvalitetar (Hettervik 1996). Ognaelva har sitt utløp i sjøen på Ognasanden, like nord for Sirevåg, og inngår i kystavsnittet Kvasseheim - Sirevåg. Dei identifiserte områda framgår av tabell 4.4 og er også vist på kart i vedlegg.

**Tabell 4.4.** Identifiserte og verdisatte område med store landskapskvalitetar (Hettervik 1996).

Område	Referanse (Hettervik)	Verdivurdering	Merknad
Ognedalen	D1	Høg landskapsverdi / Regional	Landskapsområde med småkuppert landform, med eit stort tal små og store vatn i veksling med elv, skog og open mark gir eit variert landskapsbilde. Fleire små og intime landskapsrom.
Kvasseheim - Sirevåg	E3	Svært høg landskapsverdi / Nasjonal	Ein kontrastrik overgang mellom eit småkuppert, grunnlendt og intimt dal- og heilandskap og eit ope strandområde er dominerande karaktertrekk i området, og gir det stor grad av særpreg og intensitet.

Begge områda som er markert som friluftsområde mellom Gravdal og Lindtjørn, bør også reknast som eit særst verdifullt område. Grunnen er at det her er svært få inngrep. Det ligg ikkje veg langs elva eller utover i nedslagsfeltet, med unntak av vegar til gardane Gåsland, Øvrabø og Ualand. På Ualand kryssar ein skogsbilveg elva og går eit par km nordover. Det er derfor mogeleg å gå i gjennom nedslagsfeltet til Ognaelva heilt frå øvre/midtre del og ned til kysten utan å møte særlege inngrep før ein kjem til Ognå. Dette må reknast som sjeldsynt både i Rogaland og i Sør Noreg. Denne delen av nedslagsfeltet bør derfor reknast for å ha Landskaps-, natur-, og friluftslivskvalitetar av nasjonal verdi.

## 4.6 Friluftsliv

Det er store friluftsverdiar i nedbørfeltet til Ognavassdraget, og området utgjer eit viktig regionalt område for utøving av friluftaktivitet for søre deler av Jæren. Områda er vist i tabell 4.5 og på Naturbase-kart i vedlegg, der også faktaark for området ligg ved. Kartet viser at vesentlege deler av nedbørfeltet inngår i viktige friluftslivsområder.

**Tabell 4.5.** Friluftslivsområde i nedbørfeltet til Ognavassdraget.

Område	Naturbasenr.	Status	Verdi	Merknad
Stokkalandstrandå	111917500	Sikra	Regional	Særdeles vakkert og verdifullt område

Område	Naturbasenr.	Status	Verdi	Merknad
				med fine veksingar i naturtypar. Ligg i Jærstrendene lvo.
Tanginen	111917900	Sikra	Regional	Parkeringsplass i nærleiken av Ognasanden. Ligg i Jærstrendene lvo.
Ognasanden - Brusanden	111918500	Ikkje sikra	Regional	Opparbeida turveg. Forlenging av gml. Jernbanetrase til Tanginen.
Ognaheia, vest	111918800	Ikkje sikra	Regional	Kupert terreng med hei, skog og mange vatn. Vert nytta heile året til fotturar.
Ognaheia, aust	111412900	Ikkje sikra	Regional	Heiområde nord for Ognadalen, grensa Bjerkreim/Hå. Området er eigna for fleire typar aktivitet – særleg sommarstid.
Laksesvelafjellet	111412800	Ikkje sikra	Regional	Hei- og åslandskap på grensa Bjerkreim/Time/Hå. Området er eigna for ei rekke aktivitetar.

### Fiske

Det vert selt fiskekort for innlandsfiske i dei kalka vatna i øvre del av vassdraget. Dette fiske har lokal verdi. Helt nedst i elva vert de selt dagskort for laksefiske, som mange tilreisande nyttar seg av. Det vert også selt nokre kort i andre delar av elva og det beste tilbodet finn ein i den delen av elva som ligg i Hå kommune. Laksefisket må reknast for å ha regional verdi.

## 4.7 Kulturminneverdiar

Tilgjengeleg litteratur frå fylkesmannen inneheld svært lite informasjon om kulturminneverdiar i nedbørfeltet. Normalt er det ein etter måten rik og mangfaldig bestand av både automatisk freda og nyare tids kulturminner langs vassdraga. Dette fordi vassdraga i tidlegare tider var sentrale med omsyn til både busetnad, næringsøk, ferdsel og anna menneskeleg aktivitet. Berre i nedre del av vassdraget er det registrert ikkje synlege automatisk freda kulturminner av noko omfang. Tabell 4.6 gjev oversyn over dei mest sentrale kulturminna som var registrert.

**Tabell 4.6.** Registrerte kulturminner i Ognavassdraget (Regionplankontoret for Jæren 1977).

Område	Kulturminne	Prioritet
Ualand	Gardsanlegg på Øygaren"	2
Hylland	Gamal steinbru med fleire spenn	2
Ogna	Ogna krk. frå mellomalderen med tilhøyrande krk.gard.	1

Det er trong for å oppdatere kunnskapen knytt til kulturminneverdiane i vassdraget. Dette både med omsyn til arkivgjennomgang når det gjeld registreringar gjort etter 1977, og synfaringar med nyregistreringar langs vassdraget. Dette bør omfatta både automatisk freda og nyare tids kulturminner.

## 4.8 Kulturmiljø / kulturlandskap

Det er ingen områder i nedbørfeltet til Ognavassdraget som vert omfatta av "Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Rogaland" (Fylkesmannen i Rogaland 1994).

## 5 BRUKARINTERESSER OG TRUSLAR MOT VERNEVERDIAR

### 5.1 Vassdragsutbygging

Vassdraget er ikkje omfatta av Samla Plan utgreiingar. Det er eldre utbygging i vassdraget, første konsesjon er frå 1914.

#### 5.1.1 Eksisterande vassdragreguleringar

Hetland kraftstasjon ligg ved Ognaelva ved Hetland ovanfor Lindtjørn, om lag 3 km oppstrøms utløpet i sjøen. Utover dette er det ikkje gjennomført andre reguleringstiltak i vassdraget. Naturleg nedbørfelt utgjer 117 km<sup>2</sup>. Vatn frå sidevassdraget Helgå (nedbørfelt 39 km<sup>2</sup>) vert no overført til kraftstasjonen frå Holmavatn. Helgåvassdraget utan regulering rann ut i Ognaelva 400 m ovanfor utløpet til sjøen. Det vert i praksis også overført noko vatn frå øvre delar av Kvasseheims-vassdraget (sjå nedanfor). Elva får auka vassføring nedstrøms kraftstasjonen i høve til uregulert tilstand.

#### 5.1.2 Planlagte vassdragsreguleringar

Det ligg ikkje føre planar om ytterlegare reguleringstiltak i vassdraget. Det er likevel ei sak under handsaming hos NVE, om løyve til overføring av vatn frå øvre delar av Kvasseheimsvassdraget. Hagavatn er regulert for å nyttast til drikkevatt. Uttaket av vatn har minka og det vert no vurdert om delar av avløpet kan gå til Helgåvassdraget for så å overførast til Ognaelva og nyttast til kraftproduksjon i Hetland Kraftstasjon. Vatnet er surt og det er ein fordel at vatnet kan kalkast før det går ut i ei laksevassdrag. Sidan både Kvasseheims- og Ognaelva har laksebestand og det berre vert kalka i Ognaelva, er det ein fordel at surt overskotsvatn går til Hetland kraftstasjon.

### 5.2 Andre brukarinteresser

Midtre del vassdraget er i svært liten grad prega av vegar langs sjølve vassstrengen (jamf. kap 4.5).

#### Jordbruk

Det ligg viktige jordbruksområde både i dei nedre 2 km av feltet (Ogna) og i dei øvre delar av feltet (Ognedal). Aktiviteten er oftast knytt til nærområdet rundt elva. Det er her derfor nokre stader dyrka nært opp mot elva også i seinare tid.

Det ligg føre ein godkjært plan for senking, ny forbygging og forsterking av gamle forbyggingar over ein strekning på om lag 1 km i nedre del av Ognaelva. Bakgrunnen er omsyn til jordbruksinteressene i flomsituasjonar på gardane Ogna, Hylland og Lindtjørn (NVE 1997). Planen er ikkje gjennomført enno, hovudsakeleg i påvente av avklaring knytt til Ognavassdraget som nasjonalt laksevassdrag. Ein går ut frå at inngrepet kan påverke laksen, og tiltak for å avbøte dette ligg inne i planane. Området frå Hølland til like oppstrøms jernbanen er eit natur- og kulturlandskap med generelt store verdiar. Elvesonen er rik med få tekniske inngrep.

### **Skogbruk**

Det er etablert ein del plantefelt av gran i feltet, og det er også bygd ein del skogsbilvegar. Bygging av skogsbilvegar og auka aktivitet i skogbruket vil kunna utgjera ein trusselfaktor for ulike artar av hekkande rovfugl i området og redusere områda som ligg 1-3 km frå inngrep.

### **Utleige av fiske**

Det vert drive utleige av laksefiske fleire stader i elva. Størst omfang har dette i den heilt nedre delen der det vert selt uavgrensa ei mengd med dagskort til allmenta.

## 6 SAMLA VURDERINGAR AV VERNEVERDIAR

Ognavassdraget har høge verneverdiar, og dei fleste av dei vurderte tema har nasjonal verdi, sju av i alt 11 tema er vurdert å vera av nasjonal verdi (tabell 6.1). Ut frå ei totalvurdering, har vassdraget nasjonal verneverdi. Dei øvre delane av nedbørfeltet inneheld verneverdige område med kystlynghei. Midtre og nedre deler av vassdraget har relativt få inngrep knytt til elvestrengen, og desse områda har store opplevingsverdiar. Vassdraget er elles eit av dei få av denne storleiken på Vestlandet som ikkje har offentleg veg oppetter langs elvestrengen.

Vassdraget er tidlegare regulert, men det ligg ikkje føre planar om ytterlegare vasskraftutbyggingar. Dei viktigaste andre brukarinteressene er knytt til landbruk, og det ligg føre senkingsplanar for nedre del av elva. Det er vurdert å vera moderat konfliktgrad knytt til eit eventuelt vassdragsvern. Vassdraget er kalka, som har ført til gode levevilkår for laks, med god overleving og store elvefangstar som resultat. Ognavassdraget er foreslått som nasjonalt laksevassdrag, noko som illustrerer verdien til laksestamma.

**Tabell 6.1.** Samla vurdering av verneverdiane i Ognavassdraget. N: Nasjonal verdi, R: Regional verdi, L: Lokal verdi. Grunnlaget for verdivurderingane vert rekna for å vera godt for alle tema, utanom kulturminner, der grunnlaget er dårleg.

Tema	Opphavleg verdi	Noverande verdi	Merknad
Naturvern	N	N	Små delar av felte er sikra
Andre viktige naturområde	N	N	
Prosessar og former skapt av is og vatn	L	L	
Biologisk mangfald	N	N	
Botanikk	R	R	
Vilt	R/N	R/N	
Fisk	N	N	Auka verdi etter kalking
Landskapsverdi	N	N	
Friluftsliv	R	R	Auka verdi etter kalking
Kulturminneverdiar	?	?	Dårleg vurderingsgrunnlag
Kulturmiljø/ kulturlandskap	L	L	
<b>Totalvurdering</b>	<b>N</b>	<b>N</b>	

## 7 REFERANSAR

- Anundsen, A. & Sollie, I.H.: 1987: Forslag til vern av kvartærgeologiske områder og forekomster i Rogaland. Miljøverndepartementet, rapport T-678. 129 sider.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1999: Nasjonal rødliste for truede arter i Noreg 1998. DN-rapport 3:1-161.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2000: Kalking i vann og vassdrag. Overvåking av større prosjekter 1999. DN-notat 2000-2. 536 sider.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2001: Kalking i vann og vassdrag. Overvåking av større prosjekter 2000. DN-notat 2001-2. 536 sider.
- Eie, J.A., Faugli, P.A & Aable, J. 1996: Elver og vann. Vern av norske vassdrag. Grøndahl Dreyer. 286 sider.
- Energi- og miljøkomiteen, 2001: Innst. S. Nr. 263 (2000-2001). Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om vasskrafta og kraftbalansen. Stortinget.
- Frisvoll, A.A. & Blom, H.H, 1997: Trua mosar i Noreg med Svalbard, Førebelse faktaark. Botanisk notat 1997-3. Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet vitenskapsmuseet.
- Fylkesmannen i Rogaland, 1988: Utkast til verneplan for våtmark i Rogaland. 151 sider.
- Fylkesmannen i Rogaland, 1994: Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Rogaland. Del A og del B.
- Hettervik, G.K., 1996: Vakre landskap i Rogaland. Rogaland fylkeskommune. ISBN 82-991014-3-3. 197 sider
- Miljøverndepartementet, 1994: Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag.
- Norges vassdrags- og energiverk, 1997: Senking og forbygging av Ognåna. Inngrepsnr. 7835. 10 sider + vedlegg.
- Olje- og energidepartementet, 2001: St.meld. nr. 37 (2000 – 2001). Om vasskrafta og kraftbalansen.
- Regionalplankontoret for Jæren, 1977: Verneverdige områder i Jærregionen. 118 sider + kartvedlegg.
- Robberstad, K., Johnsen, J.I., Berg, B.S, Thomsen, H & Kallhovd, K., 1995: Revidert verneplan for Jærstrendene landskapsvernområde. Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernvedlinga. Miljø-rapport nr. 4-1995, 173 sider + vedlegg.
- Rogaland fylkeskommune, 1992: Fylkesplan for friluftsliv 1992 – 1995. Fylkesrådmannen. 46 s
- Steinnes. A., 1988: Vern og skjøtsel av kysthei i Rogaland. Økoforsk rapport 1988:11. 119 sider.

## **8 VEDLEGG**

**Vedlegg 1: Kartutskrifter frå Naturbasen (Fylkesmannen i Rogaland)**

**Vedlegg 2: Utskrift av faktaark frå Naturbasen (Fylkesmannen i Rogaland)**